



Gol kommune

Saksframlegg

Arkivsaknr.: 2025/1591-1

Saksbehandlar: Sander Lilleslett

1. gongsbehandling planprogram - samfunnsdelen til kommuneplan

Saksgang

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet og Kommuneplanutvalet	

Innstilling frå kommunedirektøren

Gol kommune legg Planprogram for samfunnsdelen til kommuneplan for Gol 2026 – 2038 ut til offentleg ettersyn i seks veker, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13. Det blir samtidig varsla oppstart av arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplan.

Saksdokument

Vedlegg:

- 1 Planprogram for Samfunnsdelen av kommuneplan 2026-2038
- 2 Planstrategi for Gol kommune 2024-27 (vedtatt av kommunestyret)

Saksopplysningar:

Gol kommune har gjennom planstrategien 2024 – 2027 vedteke at samfunnsdelen av kommuneplanen til Gol kommune skal reviderast. Planstrategien vart vedteke av kommunestyret 11. juni 2024.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er verktøyet for kommunen sin heilskaplege planlegging.

Alle kommunar skal ha ein samfunnsdel, jamfør plan- og bygningslova § 11-1 (pbl).

Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for

kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon, for sektorane og for utvalde målgrupper (pbl § 11-2). Samfunnsdelen skal vare fram mot år 2038, men kommune bør ha ambisjonar om å drøfte samfunnsdelen kvart fjerde år, og i fyrste delen av valperioden.

Planarbeidet til samfunnsdelen byrjar med utarbeiding av eit planprogram. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, særleg for grupper som ein antek blir særleg berørt, kva alternativ som blir vurdert og behov for utgreiingar. Planstrategien er utgangspunktet for planprogrammet.

Planprogrammet er bygd opp etter rettleiar T-1492 *Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen*, som er utgitt av Miljøverndepartementet. Rettleiar T-1492 listar opp kva hovudpunkt som planprogrammet skal omfatte. Desse punkta er formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, skildring av kva alternativ som blir vurdert, og behovet for utgreiingar. Planprogrammet følgjer dette oppsettet.

Overordna plan:

Den gjeldande samfunnsdelen vart vedteke i kommunestyret 12. juni 2018. Avsnitt 5.5 i planstrategien skildrar kvifor samfunnsdelen bør reviderast.

Økonomiske konsekvensar

Ingen økonomiske konsekvensar utover bruk av arbeidstid for dei tilsette i kommunen. Det er sett av tid til å utarbeide samfunnsdelen.

Miljøkonsekvensar:

Planprogrammet har ingen miljøkonsekvensar, men strategiane som blir vedteke i samfunnsdelen kan ha store miljøkonsekvensar.

Vurdering:

Planstrategien seier kvifor samfunnsdelen bør reviderast, og listar opp rammer for planarbeidet og seier noko om kva samfunnsdelen bør innehalde. Planstrategien skriv følgande:

Utfordringane i gjeldande samfunnsdel er i stor grad framleis aktuelle og dannar ein rød tråd i grunnlaget for kommunal planstrategi fram mot 2027. Revidering av samfunnsdelen bør;

- *bygge på hovudstruktur/oppbygging av dagens samfunnsdel*
- *legge til grunn utfordringar og utviklingstrekk omtalt i planstrategien*
- *ha færre hovudmål, redusere og spisse strategiane*
- *ha ein klar og tydeleg arealstrategi*
- *legge til grunn berekraftmål med indikatorar for å måle effektane. Konkrete tema som har betydning for revideringa av samfunnsplanen er også omtalt under hovudutfordringane i kap. 6.*

Noko av det viktigaste som planprogrammet tek stilling til, er opplegg for medverknad. Administrasjonen ønsker å halde politiske verkstader for å sørge for at det blir ein politisk styrt plan, og at det blir ein samfunnsdel med solid politisk forankring. Administrasjonen ønsker også å halde innbyggjarverkstader, og ha eigne møter med mellom anna Gol ungdomsråd og Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.